Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr. 7

Emne: Skav

Oppskr. av: Tormod Ropeid

(adresse): Hafrsfjord

Fylke: Rogaland

Herad: Sand

Bygdelag:

Gard: Ropeid

G.nr. 1 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Desse oppskriftene er etter røynsle og minne frå barne- og fyrste ungdomsåra på Ropeid for ved 50 år sidan. (Fødd 1887. AR.)

1. Kan ikkje hugsa dei hadde noko sers namn på det. Det var ganske enkelt skav; noko som høyrde til på vetr-stelen. Einast måtte vera „attåt" for: Veit ikkje av at kyr som hadde fenge skav stod høgre i pris, men dei heldt for dei heldt seg friskare dei som fekk skav.

2. Det var berre skav, kva kvessort det var. Beit var dei hymnaste kvistar av selje og bjørk. Helst det siste. Kan ikkje hugsa om nokon skilnad på kjøtet om ein gav skav.

3 Skjev – skav – (skave) – skava

Hugsar ikkje dei heldt skavmjølk farleg hell ringare enn annor. Men mor heldt for at smør etter askeskav var betre enn etter eik. Vert ein skavare noko laus sneak etter eik. Almeskav gav eit mjukare smør.

9084

4. Ja. Skao gjekk nok inn som anna forslag (som lauv). Men noko vis mengd trur eg ikkje dei ~~hadde~~.
Men eg trur nok dei kunde drygje fôret med 1/5 med skao, og kanskje meir og dersom dei hadde ~~skao~~ mykje skog til det.

5. Himme bruka me ask og eik, og so alm når han svadde om våren.
Har ikkje høyrt dei skao noko anna.
Ask var hælst gjævast.

6 Nei, skao var skao ikkje kruslog.

7 Jau, når eg no ser denne regla, hugsar eg henne att, om ikkje mykje forma på henne. Elles hadde me ei annor regle. „Ask gjer kuna rask
Eik gjer kuna veik"
Om det var eit rim dei eldre hadde lært oss, hell me hadde laga det sjølv kan eg ikkje segje for visst.

8. Det var berre kyrne som fekk skao til vanleg. Men kan hugsa at sauene og kunde få. Kanskje det kom seg av mindre høy og mindre lauv.
Og lang vår. Ein skao heile vinteren, dersom ein hadde tid til det. Saman med høy og halm som vondt.

9 Jau dei merka med meir mjølk med skao. Vanleg hadde det sin grunn i eit meir alsidig fôr. Ask gav det beste smøret. Etter eik ville der vorta ein beiskare smak — men kanskje noko gulare smør. Alm gav eit mjuk seigare og kvitare smør so vidt eg hugsar.

9084

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10 Det vanlege var at ein gjorde det. Dersom ein skoga (hogg timber) der det var Mark-skog kunde dei taka mork med seg, anten som kör, eller om dei hadde hest med, som lass. Heija vart ikkje bruka.

11 Det var morka — gå etter mork — få heim mork. Var det gjeld alen var det å alna.

12 Som 11.

13 Ja som morka, og ~~det~~ leire nytta om skavved. Var det lauv var det lauving

14 Frå før jul, men mest utetter ettervinteren. Elles etter som ein var stillt med för av anna slag. Når brea var islagde og nytje snö kunde det vera sært nok. Henting av mork langfaring har eg ikkje høyrt om.

15 Vintersdag heldt ein seg inne i stova. Utpå våren sat ein på kjöken.

16 Ein nytta skavljå. Det var ein sliten — helst langljå — som var avbrekt til passeleg lengde — 15–16 ~~tommer~~ —. Ei fille vart surra ikring som ~~handtak~~. „Tjokke" — piggen ytterst på ljåfestet — vart brukt av for ikkje å koma ivegen under skavinga.

17 Vart morka leiren heim hogg ein ho opp på stoken. Bruka ein hest vart heile greinene kjörd heim og hogne opp der — i ~~lengder~~ på omlag 60 cm. Og leirne inn stova og logde i nerkanten av Ognen. Hadde ein nytje var eindel logde i gangen so-linge. Ved skavinga bruka ein i fyrste lika og hugsar ein stavr som ~~kakk~~ frå gölv til tak. Millom stavr og kjöke



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vart bunda i fille for å halda stauren
betre fast. Seinare arbeidde far skavkrakk.
Ein 3 toms planke omlag 30 t. lang
og 12 t. breid. På venstre sida var slemt
eit ☐ hol og sett inn ein krok
som ljåen vart halden mot.



(So nokonlunde).

Morka var berre grovhogga, so me hadde ein
liten stabbe og ei lita øks og ein -hest me
smågutane - sat og pussa skjevlane
reine for kvist og anna.
Stauren vart berre nytta ved skavinga
og vart kalla skavstaur.
Kroken på skavkrakken var skavhal.

18 Sjå 17.

19 Høgre handa som heldt ljåen let ein kvila
på kneet eller låret, og drog skjeppane
att og fram på innsida av ljåen.

20 Før skavinga var det mork. Etterpå
var det skjevlar (skjevd'l)

21. Det var skav.

22 Det var greinar frå kjyddestuvar, og dei
kunne bli ein 3-4 t. tjukke. Og so tunne ein
berre kunde skava dei.
Ved alvinga om våren hogg ein heile treet
og svadde av borken i heile lengda. Desse
bunka ein saman, med ein surring på
midten med kimmaste enden. So vart
bunkane køyrd opp med øks heime.
Og då i løta.

Sjå 20 R

23 Det var skjevlar att. Og skjevd'l.

24 Ein god skavar skulle få med all borken
men helst ikkje for mykje ved.
Ljåen måtte ha rette halling mot veden.

9084

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

25 Til kaksved var den god, men til det vart helst brúka lauvris – restene av lauvkjerv som sauene ikkje åt opp. Det gav ein jamnare varme.
So skjevlane vart helst brúka til koking og varme elles. Og vart halden for den mest heitelde, serleg ask.

25 Det er vel 50 år sidan eg flutte frå Sand, so det kan eg ikkje seija noko visst om. Men etter som eg har fylgt med er det slikt med det no, og visst før fleire år sidan.

T. 7 Kan ikkje seija noko sikkert om det. Men i somme skogar kunde vera fleire eigarar. Slik at ein åtte barskog, ein lauvskog, og den kanskje dela på fleire eigarar. So det kan tenkjast at ein åtte skavskogen. Vel fyrst av ved snikkevedt. Og ein kunde få eller kjøpa merk på stoder der eigaren ikkje kunde tell vilde brúka den.

T. 8 Veit ikkje noko sikkert om det, men finn det rimeleg at det vart gjort.
I alle høve vart gardar med skav-skog haldne gjævare enn dei útan. Serleg lenger attende. Dei snakka om gardar med so og so mange "kyrlestúvar"
" Var dei som leigde gardar, og eg har som ei tru om at det var slike omsyn som låg attom.

T. 9. Slike var der ikkje.

T. 10 Ja til eige bruk.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9084

T. 11 Nei det kjenner eg ikkje hie

T. 12. — " — — " —